

Meland Kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

## Søknad om dispensasjon frå LNF-føremål

Vedlegg:

- 1 – Side 3-5: søknad om deling av grunneigedom
- 2 – Side 6: Kart over eigedom
- 3 – Side 7-8: nabovarsel
- 4 – Side 9-11: løyve om vegrett

Me søker med dette om regulering av delar av Hilda P. Austegard sin eigedom på Gnr 1, Bnr 12 som no er registrert som LNF-område til grunneigedom. Denne søknaden gjeld berre delar av tomta, og vil være på om lag 1,3 mål. Sjå kart over området i vedlegg nummer 2. Det er allereie sendt inn ein søknad om endring av heile arealet 24.april.2015.

**Området:** Området det no søkjast dispensasjon for har for nokre tiår sidan vore brukt som beitemark, men har i seinare tid vore nytta til dyrking av juletre. Dei siste åra har det ikkje vore noko drift i dette området, og det er i dag høge grantre på opp til 6 meter som dekkjer tomta. Området er attgrodd og blødt og er lite eigna for landbruk.

**LNF:** Me kan ikkje frå eit objektivt synspunkt sjå at dette vil kome i konflikt med intensjonane som ligg bak LNF-formålet. Omsyna bak LNF-formålet er blant anna å ta vare på store samanhengande landbruksområde, samt hindre uheldig oppstyking av landbruksareal. Denne tomta vil bli plassert i kanten av LNF-område, nært to husstandar og framtidig byggjeområde på Rotemyra. Slik tomta er plassert vil den ikkje forårsake uheldig oppstyking av landbruksarealet. Viser til sak på Meland kommune sine nettsider under «Plan, utbygging og kommunalteknikk», der det uttrykkast ambisjonar frå kommunen si side for utvikling av Rotemyra på Flatøy. Rotemyra grenser direkte til denne tomta. Link til planprogrammet her: <http://www.meland.kommune.no/omraadeplan-midtmarka-og-rotemyra-paa-flatoey.349114.nn.html>

**Landbruk:** Tomta er ikkje eigna for landbruksdrift i særleg grad. Tomta består av fjell, myrjord og utplanta gran. Jorda har høg surheitsgrad på grunn av gran og myr, og er difor ikkje eigna til framtidig dyrking.

**Natur:** Tomta er allereie oppdyrka med grantre, og har difor ingen høge verdiar knytt til biologisk mangfald. Det er ikkje særskilte registrerte naturverdiar på staden.

**Friluftsområde:** Me ser ikkje at tomta på noverande eller framtidig vis vil bli nytta som turområde. Området er blødt, attgrodd og ulendt, og der er ingen turstiar som går igjennom dette området i dag.

**Infrastruktur:** Når det gjeld tilkomst til tomta vil avkjørsel byggje vidare på privat veg som er eigd av Hilda P. Austegard og Norlaug S. Austegard. Sjå avkjørselsløyve frå nemnte i vedlegg nummer 4. Når det gjeld avlaup vil tomta nytta privat enkeltanlegg. Vassforsyning via offentleg vassverk i kommunen.

**Områderegulering:** Det er allmenn kjent at kommunen ønskjer å utarbeide ein reguleringsplan på Flatøy i høve til blant anna infrastruktur, næringsliv og bustadar. Denne tomta ligg på Austsida av Flatøy, og vil kome heilt i grensa til framtidig byggjeområde på Rotemyra. Viser til utdrag av kommuneplan godkjend av kommunestyret i Meland 17.juni.2015, punkt 4.5, H810\_6 Flatøy Aust «Det skal utarbeidast ein heilskapleg områdereguleringsplan på austsida av E39 på Flatøy.» Me vil søkje om fritak frå dette kravet, og ønskjer at denne søknaden blir satt til side frå den framtidige områdereguleringsplanen på Flatøy Aust.

**Andre innvendingar:** Dei som skal byggje på tomta dersom søknaden blir godkjend er Mathilde Ypsøy og Daniel Austegard som no bur i ein sjølveigarleilegheit på Moldekleivmarka i Meland saman med sin son. Alle som eig hus her i «Austegarden» er ein del av same familie, og tomta vil grense til Asle Austegard og Norlaug S. Austegard som er næraste familie til Daniel Austegard. Me tykkjer at det er særst hyggeleg dersom dei neste generasjonane fortset å bu her på garden, og vil tilføye at i pbl. § 1-1 heiter det mellom anna: «Loven skal fremme berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner».


Med venleg helsing



Hilda P. Austegard



Daniel H. Austegard



Mathilde Ypsøy